

Elevrådet sin uttale:

Elevrådet vil på vegne av alle elevane ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter be politikanane om å vere fornuftig og menneskeleg.

Ikkje legg ned skulen vår!



Buss og reise

Trivsel og
vennskap

Læring og aktivitet

Nærområdet

Kontaktlærer og elevråd har spurt elevane om spørsmåla vi fekk frå kommunalsjefen. Svara handla om buss og reiseveg, trivsel og vennskap, læring og aktivitet og nærmiljøet. Vi har oppsummert dei og viser fram nokre eksempel på dei neste sidene.

Buss og reise

Somme elvar bur nære nok til å sykle, og dei likar det godt. Dei som tek buss, tykkjer det er tamt, og vil helst ikkje reise lenger. Dei tykkjer alt det er langt, og nokon sitt på mesta 50 minutt slik det er no. Nokon meiner det må vere do på bussen. Nokon som ikkje tek buss, trur at det kanskje er gøy.

Ventinga og bussturen blir mesta like lang som tida vi har skule.

Visst vennar har lyst til å møtast etter skulen, så har dei kanskje ikkje tid til det fordi så mykje tid er bruka på buss/bussvent.

har både kortdag og langdag, vil ikkje ha langdag heile tida

-har ikkje lyst til å måtte sitte saman med ungdommar på bussen

Eg tek buss i 35 minutt, til Bæverfjord. Det er bra å ikkje fare lenger enn det.

Eg reiser jo alt ein halvtime så... Det er langt.

Dei små ungane må kanskje på do

-det blir veldig mange på bussen og trangt om plassen, det blir veldig mange bussar – kva for ein skal vi ga på?

Trivsel og vennskap

Elevane fortel at dei trivst, at alle er snille her, at dei har mange venner og at dei kjenner kvarandre og lærarane godt. Elevane seier at lærarane høyrer på dei, at dei tør å seie frå og at dei blir sett. Dei yngste kjenner seg trygge for dei var på besøk og var med på svømming og mat med skulen medan dei gjekk i barnehage. Fleire elevar seier at det er god arbeidsro.

Fleire fortel om at dei er urolege for å bli splitta i fleire klassar. Dei kjem på ulike trinn på Subus, og kanskje fleire klasar på trinnet. Nokon er bekymra for bråk i måltida, somme er bekymra for å bli utestengt frå etablerte grupper. Andre er urolege fordi lærarane ikkje kjenner dei. Dei er urolege for mobbing, og at det er lite plass.



Læring og aktivitet

Elevane fortel om aktive skuledagar og at dei likar å arbeide praktisk og i friluft, og er glad for at dei får røre på seg. Dei meiner dei lærer i aktivitet. Dei likar å leike og sykle i skogen, bygge lego, teikne, skrive og telje. Dei set pris på at det er lov å gjere feil og at dei kan samarbeide med nokon i timane. Dei eldste elevane set stor pris på prosjekta vi har, og tykkjer dei er lærerike.

Vi har mykje
mulegheiter til
å gjere
spesielle ting.
Slik som
sjakkturnering,
strikkecafe og
maskorama.

at eg skriv og hugsar
bokstavane
vi lagar bokstavar
i plastelina,

Vi lærer mykje om
naturen i naturen.

Vi lærer når vi er i
aktivitet og får
prøve sjølv.

Vi lærer best når vi har
gode lærarar. Eg tykkjer
alle her er dyktige.

Nærområdet

Mange elevar nemner at dei sett pris på skogen på skuleområdet og i nærområdet.

Mange likar å vere på tur. Det er fint å sykle på skuleplassen. Alle sett pris på at vi kan gå til stranda for å lære om livet i fjøra, og ikkje minst, bade!

-skog og leike i,
og eit godt
klatretre

lett å komme
hit,
kan sykle sjølv
fram og
tilbake,

Vi har heile skulen
med på tur i lag, og
det er kjemepefine
turområde nære,
slik som stranda,
gapahuken og
Svartvatnet.

Vi kan gå på tur
ofte.

Andre tankar frå klassane

Visst skulen her blir lagt ned, vil ingen flytte hit, og da blir det alt for trangt i Surnadal. De må tenkje på at grendene døyr ut.

Visst det blir lagt ned vil vi ha privatskule.

-vi tener ikkje noko mykje på å legge ned.

**eg vil vere her for alltid,
dette er den gøyeste skulen,**

Tenk på kva ungane vil!

Helsing elevrådet 25/26 ved Bæverfjord skule

Emrik Haugen Nessæther (leiar), Amalie B. Solem (nestleiar), Marianne Svensli, Patrick Arntsberg Bøe Lea Sofie Bøklepp, Kiselo Isabella Paguilaman Snekvik og Sigurd Sæterbø